# Gramfarging

1. Sprei bakteriekulturen tynt utover eit objektglas og la det lufttørke.
2. Fikser preparatet ved å la det gli fram og tilbake gjennom ei flamme. Ver forsiktig så du ikkje drep bakteriecellene heilt.
3. Påfør fargestoffet krystallfiolett og la det verke i 1 minutt. Hell av eventuelt overskudd med krystallfiolett. Alle celler har nå fiolett farge.
4. Tilfør jod-løysning og la det verke i 3 minutt. Hell av eventuelt overskot med jod-løysning. Alle celler har fortsatt fiolett farge.
5. Vask preparatet med alkohol i 30 sekund for avfarging. Ver nøye med tida, for også gram-positive celler mistar fargen dersom dei blir bada i sprit for lenge. Gram-positive bakteriar forblir fiolette. Gram-negative bakteriar blir fargelause.
6. Tilsett safranin i eitt til to minutt for å farge gram-negative celler. Safranin er svakare enn krystallfiolett og vil derfor berre vise seg i dei avfarga gram-negative cellene. Gram-positive celler er fortsatt fiolette. Gram-negative celler er nå raude.
7. Drypp ein drope olje på preparatet og undersøk det i eit mikroskop med 100X-objektiv.